

Forslag til Årsmøtet:

Justering av treningsavgiftene:

SITUASJON OG UTVIKLING:

Dagens treningsavgifter har lege faste sidan 2018. Etter det har prisstiginga i kongeriket stege med over 20 prosent. Samanlikna med andre utgifter til husstandane betyr dette at vi i praksis har redusert utlegga til treningsavgifta med 20 prosent. Samstundes har klubben teke på seg nokre relativt store utlegg som vi ikkje hadde før.

Treningsavgifta er meint å dekke halleige og andre faste utgifter til drifta av klubben

Grunngjeving:

Klubben har dei siste åra teke på seg ein del nye utgifter som tidlegare låg til laga. (og foreldra)

- Klubben satsar no massivt på kursing
- Klubben tek meir ansvar for drakter og klede.
- Klubben har teke over kjøp av klister, førstehjelpsutstyr, ballar m.m.
- Vi har fått større kostnader til lønn og honorar.
- Klubb må dekke inn underskot på drift av bussen vår.
- Hovudtrenar har minst ei trening i veka i alle ungdomsgruppene våre, i nokre to.

Eg føreslår ein liten auke på 200 kroner halvåret for årgangane mellom 13 og 16 og Jr for å gjere avgifta noko meir treffsikker og rettferdig utan å bruke millimeteren. Max auke vert då 12 prosent. Dette er likevel godt under generell prissting i perioden på 20 prosent.

I tillegg ønsker eg ei opning for ein meir fleksibel praksis for K2 og M for å samsvare treningsavgifta noko meir med det særleg halleiga faktisk kostar klubben. (Gjeld spesielt for FSKHK2 og Menn) Altså at pengeinnkrevjar kan bruke skjønn, slik praksis vel også har utvikla seg.

Konklusjon: Vi aukar treningsavgiftene med 200 kroner halvåret for årgangane 13-16 år, Det same gjeld for jr og K1.

Økonomiske konsekvensar per år: Max 61 000 kroner.

Gruppe	halvår 24	Auke	i %	halltid i veka	Spent	Tal	1/2 år	Endring
6-8 år	500	0	0	1t		ca 85	42500	0
9 år	500	0	0	1t		ca 30	15000	0
10 og 11 år	1000	0	0	2t		ca 60	60000	0
12 år	1500	0	0	3t		ca 20	30000	0
13 -15 år	1900	200	12 %	5t		ca 115	218500	23000
16 år J/G	1900	200	12 %	5t	Ja	ca 22	41800	4400
K1	2000	200	11 %	5t	Ja	ca 15	30000	3000
K2 4. div	1400	0	0 %	2t		ca 15	18000	
H 4. div	1400	0	0 %	2t	Ja	ca 15	18000	
							473800	30400